

111. ¹ Tone: Far verdi farvel

1. Skal folk fara burt

Til framande land so no dei hev gjort
Aa særleg vor ungdom som framtidi er
So meina eg stutt at det attenda bær.
Kven daa so skal byggja aa ryggja aa saa
Aa arbeide raa ::

2. Til vesaldom ratt

Med lande naar skrape av folkje gjeng att
Naar gamle aa utslitne konor aa menn
Aa alle dei store med blækhus aa pen,
So ingen ting gjere av da so kan fø
Aa lagast til brød ::

3. No skurar det fort

No byggjer ein dyrt aa no byggjer ein stort
So lengje so lande er signa med fred
So finn ein nok vegar so føda kan gje
Eitt embeta auka fem tusund i løn
Ein embedsmannssøn ::

4. No hardt ein driv paa

Baa læke aa lærde i krins aa i kraa
Paa hedningjen skjenne aa mana aa slær
Dei uppatt aa uppatt i grendarna fær.
Den ramnsvarte hedningjen pengar aa tra
Den *gjødar* ein paa ::

5. Men sanning er da

Fraa *laagdi* kjem da so er visleg aa bra
Men smaamenns idear, ein vyrdar med spott.
Graa Nasarett kan einkje faa noko godt.
Jerusalem brydde seg lite um fred
Men Jesus han gret ::

6. Aa altid me sjaa

Dei store faar *krunor* til alt dei finn paa
Uhorveleg løn honorar aa pensjon
Dei smaae dei eiga kje eingong ei von.
Ein gamal ein fatig i *hokk* aa i kraa
Me hava kje raa ::

7. Ein ungdom er nøydd

Aa fara fraa heimen fraa grend aa fraa bygd.
Um taarur fraa augena trillar paa jord
Dei enn lyt be farvel til far aa til mor.
Dei lyta forlata sin ven aa sin mø
Um hjarta da blø ::

8. De harmeleg slikt

At visdommen ikkje kan øyna si plikt
At dana *chenier* med glori aa ljøs
Dei alder i laagdi kan venda sin kos
Til *luvert* til *luvert* til *luvert* dei sjaa
Forderveleg tra
::

9. Ein unge faar pryl

So skjemme ein kniv aa bryt odd av ein syl.
Ein hest faar svipa smating av feil
Eit *bitjarn* kasserast naar det hev ein *veil*
Aa alt det so skadar aa ugagnleg er
Kasabelt det er ::

10. Kva meiner med daa

Um dei so vort *norrig* skal styra aa raa
So laanar aa bala aa sutelaust et
Jauvist hev det svive eitt *vesalle* vet
Aa bryta aa *knaga* aa væra so arg
Paa ryggbein aa marg

11. So digert aa feitt

Eg synes da er baate skamleg aa leitt
Mor norrigh kun vore ei standige mor
Heilt skuldlaud paa jori paa beist aa paa flor.
Men no er da pantsett for mat aa for klær
Kva pryl er dei ver.

12. Ein er inkje sur

For dat so ein offrar paa kunst aa kultur
Paa skular aa lærdom aa alt so er vel
Til gagn aa til hyggja fo lekam aa sjel.
Aa alle so lære aa lærdomen raa
Dei lønur maa faa.

13. No husbond aa kvar

So stende for styre dei heve andsvar
Legg over aa seg no til mor sine smaa
Vær heima aa fiska, bry taaker aa saa
Heretter me dela vil maten so rett
At kvar faar seg mett.

14. Mor norrigh sin son

han seier skaff arbei aa rikeleg løn
Aa lat meg faa *pangsjon* naar nokon dei faa.
Naa eg sit utsliten aa gamal i kraa.
Aa gjev meg den *vyrdna* meg tilkjem aa bør
Eg *tegje* kje fyr.

15. Men daa naar me saag
At denne slags hugen i husbonden laag.
At folkje aa lande var styrt med forstand
So alle me var som ein einaste mand
I truskap i brorskap i otte for Gud
Aa alle hans bud.

16. Ja daa slull me sjaa
Baa husbond aa alle naar *elskjen* fekk raa.
Naar lovar aa *gjerdslur* i ting aa i stann
Vart skjepa aa fremja i himmelens namn
Naar rettfærd, aa likheit aa sanning slær lag.
Aa du for ein dag.